

Norge både i allierte land og i svensk opinion, som må ha gjort det lite opportunt å kome med for kritiske utseigner om Norge. Desto meir påfalande er det at så framståande svenske representantar som Marcus Wallenberg og Erik Boheman overfor den britiske minister i Stockholm fann grunn til å karakterisere den norske regjeringa som ein marionett for britane. Karakteristikken vekte som ein kunne vente ingen gjenklang i Foreign Office, snarare tvert imot.¹⁰⁶ Det er derfor nærliggjande å tru at når Wallenberg og Boheman i den grad kunne feilvurdere sitt publikum, var det fordi dei her avslørte ein fundamental føresetnad for svensk Norges-politikk, nemleg ei djuptliggjande overtyding i leiande svenske krinsar om at den norske regjeringa i London langt på veg var ein formalitet, som skulle dekkje over at Norge eigentleg var eit lydhørt instrument for britisk utnytting av norske ressursar til den allierte krigføringa. Ei slik overtyding gir då også betre meinings- og samanheng til det markerte skilje dør er, i alle fall til slutten av 1943, i svensk politikk andsynes på den eine sida det norske folket eller i vidaste tyding heimefronten, som får sympati og støtte, og på den andre sida andsynes den norske regjeringa eller utefronten, som nærmast blir behandla som ein «quantité négligeable» – ein formell og kortliva konstruksjon som det ikkje var grunn til å ta særleg omsyn til. Ikkje minst kan dette forklare den elles nokså uforståelege svenske trenering av spørsmålet om gjensidig fullverdig diplomatisk representasjon. Den omfattande dokumentasjonen som frå begge sider er offentleggjort om dette spørsmålet,¹⁰⁷ syner at det einaste konkrete som frå svensk side vart oppgitt som grunn, var at tyskarane ville svare med å kreyje innstilt det svenske generalkonsulatet i Oslo. Forklaringsa synest svakt underbygd. Elles møtte den svenske regjeringa alle norske krav i denne saka med merknader om at den gjensidige diplomatiske representasjons formelle status ikkje gjorde noko frå eller til i praksis. Men i forholdet mellom statar kan status og formalitetar ofte vere uttrykk for viktige realitar.

Spørsmålet om den gjensidige diplomatiske representasjon skulle også spele ei rolle i forholdet mellom Norge og det fjerde nordiske landet, Finland. Trass i at Finland sidan juni 1941 stod på fiendens side i krig mot Norges allierte Sovjetunionen, nølte den norske regjeringa heilt til desember 1941 med å dra sin diplomatiske representasjon tilbake fra Helsinki. Norge erklaerte heller ikkje Finland krig. Likevel ser det ut til at den norske avgjerda om å bryte sambandet med Finland vart teken svært ille opp på svensk side, og sett på som eit unødvendig slag i ansiktet på det nordiske samarbeidet. Marcus Wallenberg skal ha gitt uttrykk for stor indignasjon over dette i samtalar med minister Mallet i Stockholm. Liknande synsmåtar var også framme i svensk presse i desember 1941, og framkalla då følgjande utbrot frå Trygve Lie som stiller heile spørsmålet om det diplomatiske sambandet mellom dei nordiske landa i relief:

“...nå er det for britane

Fra et ask presse blad sagt at det var den norske regjering som snudde ryggen til Norden og avbrøt det nordiske samarbeid. Det som var hendt var at først blei vår minister i Danmark sendt ut etter anmodning av den danske regjering etter tysk påtrykk allerede umiddelbart etter krigen i 1940. Den svenske regjering hadde etter felttoget i Norge ikke opprettholdt normale forbindelser med den norske regjering i London. Den norske regjering hadde den hele tid vårt uten representant fra den svenske regjering. Og vår legasjon i Stockholm arbeidet under vilkår som ikke hadde noe med vanlig diplomatisk representasjon å gjøre. Tross våre krav om å få militær- og marineattasjeen oppført på diplomatisten måtte disse leve i Stockholm som privatpersoner. Ingen forandringer kunne gjøres med hensyn til personalets sammensetning... Finland har heller ikke opprettholdt regulær forbundelse med vår regjering. Vi hadde vårt uten representasjon i London og i Helsingfors hadde vår minister måttet arbeide med innskrenkede chifferrettigheter, likesom det var øvet påtrykk for å redusere antallet av legasjonens personale.¹⁰⁸

Trass i at Norge såleis etter desember 1941 var utan diplomatisk samband med Finland, følgde den norske utanriksleiinga utviklinga i finsk politikk gjennom rapportar frå minister Michelet, som etter brotet tok opphold i Stockholm. Og i mars 1943, då Trygve Lie under opphaldet i Washington vart gjort kjend med dei amerikanske freistnadane på å hjelpe Finland ut av krigen, tok han kontakt med den finske sendemannen Procopé for å understreke Norges sterke ønske om at «Finland kunne bestå som et fritt og demokratisk land og delta i det fremtidige nordiske samarbeid».¹⁰⁹

Der synest i det heile liten grunn til å tvile på at nordisk samkjensle, og ønske om framtidig nordisk samarbeid, var like sterkt til stades hos den norske regjeringa som hos dei andre nordiske regjeringane. Men like klart er det at krigs- og alliansepoltikkens primat kravde ei klar avvisning av eit isolert nordisk samarbeid. Korleis dette ville utvikle seg i eit litt meir langsiktig perspektiv, kunne ingen vite. «Norge kan ikke gå med på å garantere Finland mot Russland, selv om vi ønsker et fritt Finland. Vi kan tenke oss en avtale med Sverige; men bare i forbindelse med garanti fra en internasjonal rettsorganisasjon, altså fra Vestmaktene og Russland. Den store vanskelighet oppstår hvis det blir konflikt mellom dem. Jeg holder i så fall på Vestmaktene, men man må regne med muligheten av at det norske folk da vil falle tilbake på nøytraliteten i en ny form.»¹¹⁰ Med desse få orda gav Arne Ording i september 1943 eit konsentrat av både Norges line og Norges dilemma i dei neste fem åra.

Diplomatiske stakker?

100414